

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 27/2020, 13. AUGUST

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

GODE VERMELDINGAR FOR STUDIESTART-DAGANE

Vermeldingane frå [Yr.no](#) og [Storm.no](#) gir von om godt ver med mykje sol og 20 grader på dei to første studiestart-dagane tysdag 18. august og onsdag 19. august.

FADDERVEKA OG STUDIESTART (1) ARRANGEMENTA GÅR SOM PLANLAGT

Fadderveka og dei andre aktivitetane rundt studiestart går som planlagt ved Høgskulen i Volda. Vanlege smittevernreglar blir følgt og Faddervekestyret har gjort ein god jobb ved å legge opp til trygge arrangement. Arrangementa er også vurdert i samråd med smittevernet i Volda kommune. Kunnskapsministeren har også understreka kor viktig det er med blant anna Fadderveka for at nye studentar skal få ein god studiestart. Samtidig ser vi at det skjer raske endringar i smittesituasjonen mange stader i landet så endringar kan kome på kort varsel. [Nettsida til Fadderveka](#) med oversyn over styremedlemmer. [Program for Fadderveka på Facebook.](#)

FADDERVEKE OG STUDIESTART (2) SMITTEVERN OGSÅ PÅ PRIVATFESTAR

Privatfestar, vorspiel, nachspiel og uorganiserte utefestar er kanskje det høgskuleleing, studentparlament og Faddervekestyret er mest bekymra over med tanke på å forebygge spreiding av smitte. Smittevernreglane gjeld like mykje i slike samanhengar som på organiserte aktivitetar. Reglane pr i dag seier blant anna kan berre delta inntil 20 personar på private arrangement, det skal vere ein meters avstand mellom deltakarane og den som inviterer til privatfest må ha oversyn over alle deltakarar til ei kvar tid med tanke på eventuell smittesporing.

FADDERVEKE OG STUDIESTART (3) KVAR SKAL STUDENTANE MØTE OPP?

På nettsidene våre under "studiestart" står det oversyn over kvar studentar skal få møte sine nye lærarar.

<https://www.hivolda.no/nyhende/nye-studentar-sja-kor-og-nar-du-skal-mote-til-studiestart>

FADDERVEKE OG STUDIESTART (4) PRAKTISK OPPSTART-INFORMASJON MÅ VERE OPPDATERT

Alle studium har nettsider med blant anna "praktisk oppstartinformasjon" i samband med studiestart. Det er det einskilde fagmiljøet som sjølv må oppdatere denne informasjonen. Dette er informasjon som også er viktig for at fadderane skal kunne finne studentane dei har ansvar for. [Felleside med lenke til praktisk oppstartinformasjon for alle studium.](#)

FADDERVEKE OG STUDIESTART (5) UTANLANDSSTUDENTAR I RUTINE-KARANTENE

Det er berre to studieprogram som er opne for utanlandske studentar hausten 2020, og det er [Master in media practices](#) og Norsk for internasjonale studentar (NIS). Nokre få utanlandske studentar som tek til på desse studia kjem direkte frå utlandet og er eller har vore i karantene i Volda, medan mange har vore i Noreg lenge og skal ikkje i karantene. Ingen av desse er koronasmitta. Det er studentsamskipnaden SiVolda som hjelper studentane med bustader og praktisk gjennomføring av karantene.

FADDERVEKE OG STUDIESTART (6) KORONATESTING I VOLDA KOMMUNE

Det er no senka terskel for å be om og få teste seg for koronasmitte ved at ein ikkje treng henvisning frå lege for å bli testa. [Informasjon om testing finn ein på nettsidene til Volda kommune.](#)

FADDERVEKE OG STUDIESTART (7) PRESISERING GJELDANDE HANDSPRIT

Den einskilde tilsette skal ikkje sende e-post med etterlysing av handsprit til drift. Vanleg handvask er som regel betre enn handsprit for å hindre smittespreiing. Spritdispensarane ved inngangane vil bli etterfylt av drift. Avdelingane tek ansvar for å plassere ut handsprit der det er særskilte behov på avdelingane. Avdelingsadministrasjonane må sjølve syte for å ha nok flasker handsprit for sine behov.

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) EKELAND I SPRINGER-ANTOLOGI

Professor Tor-Johan Ekeland, ASH, har publisert ein artikkel i ein antologi som er gitt ut på forlaget Springer. Artikkelen heiter "[Psychotherapy: An illusion that work](#)" og antologien heiter Respect for Thought.

PUBLISERINGAR (3) EKELAND I "EUROPEAN JOURNAL OF SOCIAL WORK"

Professor Tor-Johan Ekeland, ASH, har publisert ein artikkel i tidsskriftet *European Journal of Social Work i lag med Ira Malmberg-Heimonen, Oslomet. Artikkelen heiter: "Social workers use of knowledge in an evidencebased framework: a mixed methods study".*

PUBLISERINGAR (4) FOJCIK I "TANGENTEN - TIDSSKRIFT FOR MATEMATIKKUNDERVISNING"

Høgskulelektor Martyna Fojcik har publisert artikkelen "[Utforskande og elevsentrert geometriundervisning](#)" i tidsskriftet Tangenten – tidsskrift for matematikkundervisning.

PUBLISERINGAR (5) BOLSTAD I "EUROPEAN JOURNAL OF SCIENCE AND MATHEMATICS EDUCATION"

[Høgskulelektor Oda Heidi Bolstad](#), AHL, har publisert ein artikkel i tidsskriftet European Journal of Science and Mathematics Education. Artikkelen har tittelen "[Secondary teachers' operationalisation of mathematical literacy](#)."

PUBLISERINGAR (6) KRUMSVIK HAR REDIGERT PPU-ANTOLOGI

[Professor Il Rune J. Krumsvik](#), AKF, har redigert artikkelsamlinga "[Praktisk-Pedagogisk Utdanning - en antologi](#)" i lag med Roger Säljö, Universitetet i Göteborg. Boka kjem ut på Fagbokforlaget i august 2020. Professor Peder Haug, AHL, er representert i antologien med artikkelen "

PUBLISERINGAR (7) PEDER HAUG-KRONIKK I SUNNMØRSPOSTEN

Professor Peder Haug, AHL, har skrive kronikk som har vorte publisert i Sunnmørsposten 10. august. Kronikken har tittelen "[Går på tilliten til folkevalde](#)".

PUBLISERINGAR (8) ROAR AMDAM MED BIDRAG I ANTOLOGI

Professor Roar Amdam, ASH, har skrive eitt av kapitla i den nye antologien: "[Innovation in Public Planning](#)" som er redigert av Aksel Hagen og Ulla Higdem og utgjeve på forlaget Palgrave Macmillan. Kapitlet til Amdam har tittelen: "Planning and Innovation in a Collaborative Framework". [Førehandsvisning av kapitlet til Amdam](#).

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

18.-19.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)

18.9.2020: [Forskingsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

